



ER LIBYA EIT LAND?



Kva skal til for at eit territorium kan kallas for eit «land»? Libya er ein «stat», men har ei kort historie som «nasjon». Kan historia til den austlige provinsen Cyrenaica fortelle oss noe om territoriell identitet?

KNUT S. VIKØR

For tjuufem år sidan skreiv eg på ei bok som skulle bli ei oversikt over Midtaustens historie, det vart seinare til *Ei verd bygd på islam* (1993). Eit problem eg då måtte ta tak i, var kva slags begrep eg skulle bruke på dei politiske einingane som oppstod i løpet av denne historia. Noen av desse var kjente namn, som Syria og Irak, andre var ukjente for lesaren, som Khurasan og Hijaz. Noe av det eg ville formidle, var at det var forskjell mellom dei moderne statane som hadde lang historie som eiga eining, slike som Egypt og Marokko, og dei som hadde oppstått i moderne tid, som Algerie og Libya. Å kalle dei første for «nasjonar» i middelalderen var ahistorisk, og gjorde det umulig å forklare at nasjonalismen der oppstod først på 1800-talet.

Eg endte opp med å lage eit nytt begrep: Dei einingane som hadde hatt ein slik lang identitet gjennom mange hundreår, kalte eg for «historiske tyngdepunkt». Det skilte dei altså frå territorium som Libya og Algerie, som i førmoderne tid berre var «det som låg mellom» dei historiske tyngdepunkta hhv. Egypt og Tunis, og Tunis og Marokko. Vel. Forsøket på begrepsforming var ikkje særlig vellykka, eg har aldri hørt andre ta begrepet i bruk, og i mine egne forelesingar for-

svann det også. I den nyaste utgåva av boka måtte eg bite i det sure eplet, og bruke søk og erstatt frå «historiske tyngdepunkt» til det langt enklare «land». Nå betyr altså «land» før 1800 i den boka eit område som hadde ein fast identitet slik at ein i samtida kunne si «han kjem frå X», «han døde i Y». Det kan vi sjå i klassiske personnamn som «al-Iraqi», «al-Masri» (irakaren, egyptaren).

Samtidig veit vi at dei fleste slike geografiske kallenamn i førmoderne tid går på byar, ikkje «land», altså heller al-Dimashqi, al-Baghdadi, al-Nablusi (og «al-Masri» kan også bety «han frå Kairo»). Byar var langt viktigare identitetsmerke enn land. Det typiske for førmoderne statseiningar i Midtausten er også at dei primært er definert ut frå kva byar dei omfattar, ikkje ut frå sine grenser – rimelig nok, naturen tatt i betraktning («ingen kan jo se den grense under sand»). Dermed kunne nettopp tynt befolka område mellom definerte byar ha uavklart status. (Dette merkas jo også i vår tids palestinebatt, der dagens Jordan etter første verdskrig forvirrande nok vart del av «Palestina-mandatet», ikkje fordi noen tenkte på ørkenen som del av Palestina, det var eit hjørne av Syria, men fordi ødemarka mellom Jordan-elva og Irak rett og slett ikkje hadde

noen identitet, og når ein først la ned grensar måtte området plasseras i ein boks).

Dette temaet er nå blitt aktualisert ved at ei av desse nye einingane som altså ikkje var noe «land» før moderne tid, Libya, er i ferd med å falle frå kvarandre. Alt krigen i 2011 skilte den austlige delen, Cyrenaica – stabilt under opprøraranes kontroll nesten frå starten – frå det krigsherja Tripolitania i vest.¹ Etter seieren voks det fram føderalistiske straumdrag i aust som ville at Cyrenaica skulle bli sjølstyrt, og kanskje helst sjølstendig frå Tripoli. Etter den politiske krisa i 2014 har vi fått to regjeringar i landet, ei i aust og ei i vest. Noen har tatt til orde for at ei løysing dermed kanskje blir deling av landet i to. Trass alt har det jo ikkje eksistert lenger enn eit hundreår, seier noen: Det var Italia som foreinte dei med makt då dei koloniserte det i 1911.

Det er nok ikkje heilt presist, dei to provinsane hadde eit slags forhold lenger bakover i tid. Men det er likevel interessant å sjå litt nærare på dette eksempelet for å sjå kva relasjonar det var mellom dei ulike bitane av det territoriet som nå er Libya, og i kva grad – eller når – dei fekk eit slikt samband mellom seg at det kan kallas for eit «land».

CYRENAICA I HISTORIA

Vi kan dele den firkanten som på kartet utgjer Libya opp i fire bitar, eitt i kvart hjørne. Over 90 prosent av landet er ørken, så nesten alle bur i den smale kyststripa langs Middelhavet. Men Sahara går også i ein spiss opp og møter havet i ei breidde av opplag femti mil i den djupe Syrte-bukta. Kysten vest for dette utgjer Tripolitania med hovudstaden Tripoli – på arabisk kallas begge for Tarabulus al-gharb. Her bur omlag to tredelar av alle libyarrar i dag. Ved sida av Tripoli er Misrata ein stor by i Tripolitania, og det er også viktige fjellområde (Vestfjella, eller Jabal Nafusa). Sør for Tripolitania overtar ørkenen, men Fezzan i sør har nok oasar til at dette området på «ørkenkanten»

har vore etterspurt, ikkje minst som haldeplass i handelen over Sahara.

Aust for Syrtebukta ligg ei smal kyststripe som raskt stig til eit fjellplatå kalla Jabal Akhdar, Dei grønne fjella. Også her er det nok vasskjelder til at beduinar kan halde til. På arabisk blir denne delen av Libya kalla Barqa, i vestlige språk Cyrenaica, etter den antikke greske byen Cyrene (frå 630 f.Kr.). Sør for Jabal Akhdar er det nådelaus ørken og knapt noen busetnad anna enn i oasen Kufra midt i, denne ørkendelen har derfor ikkje noe eige namn, så ein snakkar om Tripolitania, Cyrenaica og Fezzan som dei tre delane av Libya.

Problemstillinga er altså kva slags samband det har vore mellom dei tre, i kva grad dei vart sett på «sentrum» (Tripoli) og «provins» (Cyrenaica, Fezzan) i samme «land» gjennom historia. Av dei to siste er Fezzan nær knytt til saharisk historie, så vi skal her konsentrere oss om tilhøvet mellom Tripolitania og Cyrenaica.²

Både Tripoli og Cyrene var altså antikke koloniar, og i gresk tid såg ein ikkje noe spesielt samband mellom dei. Begge vart erobra av arabiske hærar på 600-talet etter Kristus, men på den tid var Cyrenaicas rikdomstid over, og arabaranes fokus var på Tripoli og Tunis. Cyrenaica er nesten fråverande frå arabiske kjelder i denne perioden, men ser ut til å ha blitt oppfatta som ei forlenging av Egypt vestover. Ibn Khaldun skriv at «det er berre ruinar der, og arabiske nomadar fer rundt».³ Desse nomadane var og er i all hovudsak frå dei samme stammene som held til i den egyptiske ørkenen inn mot Nilen, slik at det alltid har vore tett samband den vegen. Både herskarar i Egypt i aust, og i Tunis i vest gjorde kortvarige forsøk på å legge nomadane under seg og få dei til å betale skatt.⁴ Men i all hovudsak var beduinane heilt sjølstyrte gjennom middelalderen.

Mellom 1517 og 1551 kom så igjen heile kyststripa under felles styre igjen, då dei tyrkiske osmanane erobra området. Dei var organiserte

byråkratar, og oppsett på å lage ein struktur på sine nye territorium. Dei gamle herskarane, mamlukane, fekk halde fram i Kairo som lokale guvernørar for osmanane. Resten av kysten vart delt inn i tre *pashaliks*, provinsar styrt av kvar sin pasha i Alger, Tunis og Tripoli.⁵ Kanskje for ikkje å gi mamlukane i Kairo for mye ambisjonar, var det aldri snakk om å legge Cyrenaica inn under Kairo, på papiret var det pashaen i Tripoli som hadde styring over denne regionen. Dette er dermed tidspunktet då omverda, iallfall Istanbul, oppfatta Cyrenaica som del av noe styrt frå Tripoli.

Men det var jo fortsatt ingen realitet bak dette. Det var berre to byar, eller helst landsbyar, på denne kyststripa, Benghazi på vestsida av Cyrenaica, og Derna på austsida, ingen av dei større enn eit par tusen innbyggjarar som i hovudsak kom frå Tripoli og Misrata. Dei tente mest på pilgrimane frå Nord-Afrika som kvart år følgde vegen langs kysten på veg til Mekka, elles var det lite å interessere seg for der. Men den osmanske pashaen Muhammad Saqilizi i 1635-1662 erobra dei to landsbyane, og oasen Ajdabiya sør for Benghazi.⁶ Men ut over det hadde dei ingen autoritet i Cyrenaica. Det samme var tilfellet då eit lokalt regime, Qaramanliane, tok makta i Tripoli i 1711: dei gjorde også forsøk på å etablere seg i Cyrenaica med noen raids, men også dei måtte nøye seg med Bengazi, Derna og nå oasen Awjila i ørkenkanten.⁷ Regionen var først og fremst ein stad dit ein kunne sende mulige rivalar ein ville ha ut av vegen, ein trøsteløys periferi for dei som var i unåde.

Først eit hundreår seinare begynte det å skje noe. I 1835 fjerna osmanane Qaramanli-styret og la Tripolitania direkte under sultanen. Cyrenaica følgde med, om enn motvillig, osmanane måtte slå ned opprør både i Benghazi og Derna dei første åra. Dei også skifta meining omlag ein gong i tiåret om korleis provinsen skulle administreras: Fram til 1863 var Cyrenaica ein av fire under-

provinsar (*sanjak* eller *mutesserrifat*)⁸ under Tripoli. Då vart området lagt direkte under Istanbul, fortsatt som sanjak. Åtte år seinare vart det ført tilbake til Tripolis kontroll, men alt året etter vart Cyrenaica opphøgd til å bli ein eigen wilaya, provins på line med Tripolitania, og altså direkte under sultanen igjen. Så, i 1888, i eit nytt omskifte, vart det igjen degradert til mutesserrifat, men stadig direkte under Istanbul.

Det sentrale her er altså at i si byråkratiske oppfatning av denne delen av riket, vart Cyrenaica sett på først som ein del av provinsen Tripolitania fram til 1863, men deretter – med skiftande status – som ei separat eining, ein provins eller sanjak som ikkje var del av eller underlagt Tripolitania. Byråkratisk og politisk kontakt gjekk frå Benghazi til Istanbul, ikkje via Tripoli.

Grunnen til dette var nok at det begynte å skje noe i området. Osmanane la nå vekt på utvikle Benghazi, som voks frå å vere ein landsby til å bli ein betydelig handelsby og Cyrenaicas sentrum. Dette var resultat av ei endring i handelsmønsteret i Sahara. Fram til omlag 1840–1850 hadde den rike handelen over Sahara gått til Tripoli. Men i tiåra som følgde svann denne handelsruta bort, og vart erstatta av ei ny rute som gjekk frå Wadai (nå austlige Tsjad) gjennom den tomme ørkenen til Benghazi, først med slavar, seinare med strutsefjær til Europas sosisietetsdamer.⁹ Dette førte med seg rikdom til dei som var involvert, og det var både osmanane i Benghazi, og beduinane i ørkenen.

BEDUINANE OG «SANUSI-STATEN»

Vi ser altså frå 1500-talet vart Cyrenaica frå Istanbul sett på som eit tomrom som kunne leggas til Tripoli i mangel av noe bedre, men som når det vart økonomisk interessant ikkje var meir «del av Tripolitania» enn at det heller burde vere ein eigen, om enn mindre folkerik, provins under sentralstyret. Men det berørte jo i liten grad be-

duinane. Når dei vart tvungne til det, kunne dei betale tributt til den herskaren som hadde våpenmakta. Men vi må rekne med at identiteten deira var knytt, trulig eksklusivt, til den stammen og familien dei tilhørte, ikkje til noe høgare politisk eller territorielt begrep. Dette kom kanskje til å endre seg omlag på samme tid, frå 1840-åra, og har fått noen til å snakke om Cyrenaica som ein framveksande stat eller «land» med eigen identitet, ein *sanusi*-stat.¹⁰ Og her møter vi ei historie som har konsekvensar fram til i dag.

Sanusiane var eit sufi-brorskap som etablerte seg i Cyrenaica frå 1841, omlag samtidig som handelen tok seg opp. Målsettinga deira var religiøs, men dei var frå starten tett integrert i stammesamfunnet: Dei oppretta losjar i dei fleste større oasane, bygde skular, tok vare på fattige, og ikkje minst: garanterte fred mellom dei stammene som knytte seg til ordenen.¹¹ Dette var noe av det som la grunnen for at denne handelsruta var meir attraktiv, sjøl om det var hardare ørken her enn i vest – og sanusiane bygde også oase-losjar som vart handelsstasjonar for karavanane.

Sidan dei fleste stammene, som før hadde både vore rivalar og i krig med kvarandre, nå rekna seg som «sanusiar» (sjøl om berre noen få frå kvar stamme var aktive inn i brorskapet), såg mange sanusiane som ei politisk makt i ørkenen. Dette er likevel å misforstå rolla deira. Sanusiane tilpassa seg den eksisterande politiske strukturen, og gjorde ingen forsøk på utfordre den politiske autoriteten til stammeleiarane i områda dei var aktive i. Stammeleiarane tok seg av verdslige problem, sanusiane av dei religiøse.

Også i forholdet til osmanane på kysten hadde dei for det meste eit pragmatisk forhold, og utveksla høfligheiter med dei. Osmanane hadde fortsatt ingen autoritet i innlandet, og godtok det stilleleteiande. Først frå 1882, då Benghazi kom i pengemangel, begynte dei å kreve inn skatt frå beduinane, men det måtte dei gjere med våpen i

hand i noe som beduinane oppfatta som ei serie raids i 1880- og 1890-åra.¹² Påfallande er her at sanusiane ikkje la seg opp i denne striden, på korkje den eine eller andre sida (som «statsmakt» mot, eller talsmenn for osmanane). Deira viktigaste politiske rolle var altså at dei dempa konfliktar mellom stammene, ved å fremme ein handel som alle partar såg var til deira beste. Sanusiane var altså ei *sammenbindande*, ikkje *styrande* kraft i Cyrenaica.

CYRENAICA OG TRIPOLITANIA MOT ITALIA

Det var kolonialismen som skulle utløyse ei endring i dette. Då italienarane invaderte i 1911, slo dei altså dei to provinsane sammen til «Libya». Det oppstod motstand mot invasjonen både i Tripolitania og Cyrenaica. Men denne var heilt atskilt og ganske ulik i dei to. I Cyrenaica reiste beduin-stammene seg mot invasjonen. Men dei såg straks at dei trong ei koordinerande kraft, og stammeleiarar vende seg til sanusianes leiar, Ahmad al-Sharif, for å leie kampen. Brorskapet hadde ikkje noen militær bakgrunn, men klarte på kort tid til å omforme seg til ei geriljarørsløse.

Det var beduin-stammene som stod for mannskap og slagkraft, men koordinert av brorskapet, og gjerne av leiaren av den lokale losja, shaykhen. Desse sanusi-shaykhane kom ofte frå Tripolitania eller Cyrenaica, men vanligvis ikkje frå den stammen dei var plassert ut i. Slik var dei «eks-terne» for stammestrukturen, og kunne derfor lettare binde ulike stammar sammen. Losjane hadde også godt utbygd kommunikasjon seg i mellom, som vart viktig i kampen mot italienarane, ein kamp som dei – ulikt dei fleste anti-koloniale kampane – i hovudsak vann.

Neste oppslag:
«Ancient Africa or Libya» (1840) av Philip Smith.
De antikke stedsnavnene «Tripolitana», i vest,
«Cyrenaica» i øst og «Phazania» i sør
er tydelig markert.





Italienarane klarte ikkje å trenge inn i Cyrenaica, og då britane etter utbruddet av verdskrigen ikkje ville ha bråk på Egypts vestlige grense, tvang dei i 1917 fram ein fredsavtale, Akrama-avtalen, som gav Cyrenaica indre sjølstyre under leing av sanusi-leiaren, nå Muhammad Idris, som fekk tittelen *amir*.¹³

I Tripolitania klarte heller ikkje italienarane feste grepet anna enn i Tripoli og noen andre kystbyar, sjøl om dei vann over osmanane i 1912. Dei satsa derfor på å få til ei protektoratløysing med lokale stormenn. Men då verdskrigen var over, var det klart at dette var ein illusjon. I byen Misrata hadde stormannen Ramadan al-Suwayhili bygd seg som ein autonom leiar med underhands osmansk støtte. Han fekk etter kvart kontroll med kyststripa rundt heimbyen. Samtidig etablerte berber-leiaren Sulayman al-Baruni eit sjølstyrt område i Jabal Nafusa vest i Tripolitania. Dei to fann sammen og proklamerte i 1918 «Den tripolitanske republikk», med basis i Misrata.¹⁴

I desse åra var italienarane mest opptatt med å kjempe mot sanusiane i Cyrenaica. Sjøl om dei hadde samme fiende, var Suwayhili grunnleggande skeptisk til sanusianes motstand. I 1916 hadde sanusiane gjort eit forsøk på få fotfeste inn i Syrte-regionen heilt aust i Tripolitania. Suwahili sendte troppar mot dei, og tvang dei tilbake. Det var einaste forsøket frå sanusiane på å involvere seg i Tripolitanias konflikt, og viste at Suwayhili og hans republikk først og fremst såg sanusiane i Cyrenaica som rivalar og fiendar.

I trua på at dei kunne bruke den som eit indirekte styre, inngjekk italienarane i 1919 ein avtale med Tripolitania-republikken, som dermed skifta namn til ein «reformkomite». Partane vart samde om noen legge fundamentale – grunnlover som også vart utvida til Cyrenaica, men slik at kvar provins skulle ha sitt parlament. I Cyrenaica møtte dette eit fåtal gonger, i Tripolitania vart denne lova aldri sett i verk.

Etter indre strid vart Ramadan al-Suwayhili drept av ein rival i juni 1920, og våren etter kom det til kampar mellom dei tidligare allierte, berberane i Jabal Nafusa og Reformkomiteen i Misrata. Dermed var det også slutt på det som hadde vore Den tripolitanske republikken. I staden vedtok ein tripolitansk konferanse at det skulle utnemnas ein emir for «heile landet». Dei vende seg våren 1922 til emir Idris i Cyrenaica, ut frå at dei to områda måtte «sameine seg mot vår felles fiende». ¹⁵ Idris var først uvillig, sidan det ville bryte Akrama-avtalen, men aksperterte tilbodet til slutt. Kort tid etter gjekk italienarane, nå under Mussolinis styring, ¹⁶ til åtak på begge provinsane og gjorde slutt på alle avtalar. I Tripolitania fekk dei nå raskt full kontroll. Mens emir Idris reiste i eksil i Egypt, klarte derimot sanusiane, nå under den lokale sanusi-shaykhen Umar Mukhtar, å halde kampane i gang i Cyrenaica fram til 1931.

Italienarane såg altså sjøl sin nye koloni Libya som ei heilheit, men prøvde så langt dei kunne å halde motstandarande i dei to provinsane skilt frå kvarandre. I den første fasen var det også tydelig ingen nasjonal eller territoriell samkjensle mellom motstanden i Cyrenaica og Tripolitania, sjøl om begge var aktivt støtta av osmanarne. Alt i 1913 byrja sanusiane å nytte namnet al-Hukuma al-sanusiya, «Sanusi-regjeringa», om sitt styre, etter osmansk oppmoding, og tripolitanaranes republikk omfatta aldri meir enn deira eige region. ¹⁷ Først heilt i sluttfasen, mot 1922, prøvde tripolitanarane, som nå stod overfor kollaps, å dra nytte av den langt sterkare og etablerte autonome eininga i Cyrenaica. Men sanusi-leiaren godtok dette berre først då det var opplagt at dette var ein utopi etter fascismens seier i Roma.

DET UMULIGE KONGEDØMMET

Då dei allierte i 1943 hadde kasta aksemaktene ut av Libya, vart området satt under midlertidig alliert administrasjon. Først i 1948 kom dei så

langt som å bestemme seg for kva ein skulle gjere med det. Og igjen var det langt frå sjølsagt at Libya var eit «land» som skulle få felles styre. Tvert om var dei europeiske stormaktene mest stemt for å dele dei ulike historiske provinsane opp. Britane hadde, gjennom nære band til emir Idris i Cyrenaica, sterke interesser i den regionen, og såg det gjerne knytta til Egypt. Frankrike hadde okkupert Fezzan i sør, og var ennå meir insisterande på å behalde det, Fezzan vart midlertidig lagt til Algerie. Det meir folkerike Tripolitania var ikkje så etterspurt, og Frankrike og Storbritannia vart samde om å gi det som mandat til det nå demokratiske Italia, ikkje minst fordi det fortsatt budde ei stor gruppe italienske busettarar i Tripolitania.¹⁸ Det var først og fremst USA som var skeptisk til ei slik ny-kolonial oppdeling. Også dei nye arabiske statane som hadde fått plass i FN agiterte med sovjetisk støtte for arabisk sjølstyre i Libya, og den fransk-britiske planen vart røysta ned der i 1949.

I løpet av krigen hadde nasjonalistiske straumdrag vokse fram, men ulikt i kvar provins. I det meir økonomisk utvikla Tripolitania ville ein bygge på arven frå republikken i 1920 og sjå heile Libya samla. Britane hadde alt etablert emir Idris som regent i Cyrenaica, og i denne provinsen var det lite entusiasme for sammenslåing med det meir folkerike vest. Skulle det bli samling, så var det eit minstekrav at emir Idris skulle leie det nye landet. I Tripoli møtte dette kravet skepsis, ein ville heller ha ein meir progressiv republikk enn denne religiøse leiaren som framleis bygde sin posisjon på stammekultur og stivna tradisjonar. Cyrenaicarane stod likevel på sitt, med støtte frå britane som ville halde på sine interesser i regionen, og tripolitaniarane gav seg, sidan alternativet for dei kunne vere å gli tilbake i italienske hender. Dei godtok derfor at Libya vart erklært som kongedømme, med Idris al-Sanusi som konge, i 1951.

Dermed var Libya endelig samla til ein stat. Men var det blitt eitt «land», i betydninga ein felles identitet? I statsstyret var det knapt det. Det er kalla «an accidental state»,¹⁹ ein stat oppstått ved eit uhell, og Idris var i stor grad ein «accidental» konge. Hans interesse for statsstyret var minimal, og for Tripoli enda mindre. Nok eit krav han stilte, var å kunne bli buande i Cyrenaica. Igjen måtte Tripoli gi seg, ved at Cyrenaicas sentrale by, Benghazi vart gjort til hovudstad i Libya på line med Tripoli. Kongen var uansett knapt i Benghazi heller, han heldt seg mest i sine eigne palass, der han dyrka sufismen og overlot politikken til sine nære slektningar – etter eit forsøk på val, vart partia forbudt og landet styrt autokratisk.

Oppdelinga av landet vart då også institusjonalisert, ved at kongedømmet vart gjort føderalt: Dei tre provinsane Fezzan, Tripolitania og Cyrenaica fekk kvar si regjering og kvart sitt styre, med ei svak sentralregjering på toppen.²⁰ Mellom anna trong utlendingar i fleire år visum for å reise mellom Tripolitania og Cyrenaica.²¹ På dette tidspunktet fantes det knapt noen «nasjonal identitet» mellom dei to regionane.

Dei dominerande kreftene i landet vart dermed det stammebaserte aristokratiet i Cyrenaica, som sverma rundt palasset og gjorde sine intrigar. Ein statsadministrasjon fantes knapt, hær og rettsvesen importert frå utlandet. Men først då oljen vart oppdaga i 1959 og Libya brått gjekk frå utfattig til styrtrik, innsåg dei at dette ikkje kunne fortsette. I 1962 vart føderalismen erstatta av ein einheitsstat, men fortsatt styrt av kretsen rundt kongen, og fortsatt like udyktig. Det var slik inga overrasking at denne staten vart styrta av dei unge nasjonalistiske militære under oberst Qadhafi i 1969.²²

Var det dermed slik at det var i 1969 at Libya vart eit «land»? Qadhafi sentraliserte utan tvil staten til eit nytt personstyre under seg sjølv, men han (som hadde opphav i Syrte-området, i den

austlige utkanten av Tripolitania), var skeptisk til det gamle styret og dermed til Cyrenaica. Denne provinsen, som hadde hatt uventa stor makt over «storebror» Tripolitania i tjuе år, følte seg derfor forfordelt og marginalisert, og det er derfor naturlig at når oppgjeret med Qadhafi kom i 2011, så vart det raskare grunnfest i Cyrenaica enn i Tripolitania.

Qadhafi bygde opp ein identitet på Libya som offer for imperialismen, han var primært ein arabisk nasjonalist. Men det er også påfallande at den arabiske nasjonalismen til Qadhafi var noe annleis enn hos hans store idol Nasser. For Nasser stod Egypt i sentrum, og det var for han opplagt at den arabiske nasjonen var Egypt med noko attåt. For Qadhafi var den arabiske nasjonen først og fremst ei samling mellom land der Libya berre var ein mindre del. Derfor såg vi hans mange, meir eller mindre realistiske, forsøk på å slå Libya sammen med ulike naboland.²³ Rett nok var Libya ein småstat i arabarverda, mens Egypt faktisk var størst og dominerande, men det er likevel naturlig å sjå Qadhafis manglande interesse for ein separat libysk nasjonalisme som tegn på at Libya fortsatt i hans tid berre hadde ein svak identitet. Det var openbart nå eit «land» i betydninga at ein person frå Misrata i utlandet meir trulig vil seie han kjem «frå Libya» heller enn «frå Tripolitania», men innhaldet i kva det ville si, utover passet, er ikkje opplagt. Og det som skulle samle Libya står openbart svakare etter Qadhafis fall, der nettopp skillet mellom landsdelane, og spørsmålet om autonomi, føderalisme, eller rett og slett oppdeling av Libya i to eller fleire statar blir tatt seriøst i mange kretsar.

TERRITORIUM OG LAND

Utgangspunktet for denne refleksjonen var kva slags territorielle rammer vi setter for den historiske og samfunnsmessige analysen. Ville det gitt noen mening, om ein ønskte det, å studere

den «sosiale formasjonen» eller «produksjonsmåtane» i faraoanes Egypt? Ja, trass i geografiske forskjellar mellom øvre og nedre Egypt gjennom antikkens historie, var det heilt klart ein sammenheng i det landet som ville gjere det naturlig å bruke det som ramme for analysen. Gjeld det samme for Libya i dag? Ja, i dag ville det også trulig vere meningsfullt, «Libya» er noe som finnes. Men når oppstod tippepunktet då dette begynte å gi mening?

I antikken og middelalderen var det ingen ting som skulle tyde på at ein kunne sjå Tripolitania og Cyrenaica, og slett ikkje Fezzan som éi meningsfull analytisk eining, og det var heller ingen som kom på tanken. Den mulige oppstod då osmanane kom rundt 1550, med noen vage forsøk på styre Cyrenaica frå Tripoli. Men i dei tre hundreåra som følgde, vart det med forsøka. I kortare eller lengre periodar hadde dei faktisk styring med to-tre landsbyar på kysten, men desse var først og fremst ei haldeplassar for reisande mellom Tripoli og Aleksandria. Det vi må kalle «samfunnet» i Cyrenaica var beduinane, som var uberørt av tyrkarane på kysten, og ein samfunnsanalyse av området ville framleis enten sjå Cyrenaica for seg sjøl, eller sammen med nomadefrendane i Egypt, heller enn mot vest.

Først i dei siste delane av 1800-talet, og spesielt etter 1880, endra dette seg, og grunnen var nett opp at Cyrenaica gjennom framveksten av den austlige handelsruta vart meir innlemma i den internasjonale økonomien. Sanusiane var sentrale her, men ikkje som politiske leiurar. Nå prøvde osmanane å gi meir innhald til styret sitt ved skattlegging og kontroll. Men fortsatt gjekk dei politiske linene frå den enkelte beduin stammen, gjennom den osmanske provinsen Benghazi, til sultanen i Istanbul, ikkje til konstruksjonen «Tripolitania med Cyrenaica». Italianarane skapte faktisk eit «libysk» samfunn, men det var eit samfunn av europeiske busettarar, deira eige

«fjerde kyst» av Italia. Dei frykta meir enn alt at dei arabiske provinsane Tripolitania og Cyrenaica skulle sjå seg som ei felles eining.

Det var dei tripolitanske nasjonalistane som først ser ut til å ha begynt å tenke på seg sjøl som libyalar, eller at dette var ramma for ein sjølstendig nasjon som hadde ein felles identitet.²⁴ Dei fekk sjølstendet sitt i 1951, men tanken deira var i all hovudsak sabotert av kongen og tradisjonalistane, som såg Cyrenaica åleine som sitt interesseområde. Økonomisk var det likevel under kongedømmet at det som faktisk skulle binde Libya sammen, kom til synes, nemlig oljerikdommen. Oljen snudde økonomi og samfunn i Libya på hodet, og dette var ei endring som omfatta heile landet, Tripoli vel så mye som Benghazi, begge gjennomgjekk urbanisering og sterk vokster. Qadhafi vart slik den første leiaren for eit reelt libysk samfunn, ikkje på grunn av sine eigne idear eller handlemåtar, men fordi han var den første som faktisk kunne bygge landet på ein felles ressurs, oljerikdommen, og som dermed hadde heile «Libya» og ikkje berre Tripoli eller Cyrenaica som felt for sitt virke.

Kva så framover, kan dei samlande kreftene i det som vi altså nå må kalle ikkje berre ein stat, men også eit land, finne sammen over splittinga i dag?²⁵ Det er ikkje opplagt. I 2014 måtte den største fraksjonen i parlamentet rømme Tripoli på grunn av kampar mellom to militsar som begge var lokale for Tripoli-området – altså ikkje ein kamp mellom Tripolitania og Cyrenaica, men innanfor Tripolitania. Men då dei slo seg ned med si regjering i Tobruk (heilt aust i Cyrenaica) og vi fekk ei anna regjering i Tripoli, vart dette politiske skillet raskt omgjort til det tradisjonelle skillet mellom dei to provinsane.²⁶ Tobruk-regjeringa er basert på styrkane til militsleiaren Khalifa Hefar, ein tidligare føderalist som nå kontrollerer nesten heile Cyrenaica, men møter stor motvilje i det meste av Tripolitania, som han trugar med å

invadere.²⁷ Dette liknar mye på det samme skillet som oppstod i 2011, og tyder på at den «libyske» identiteten frå dei siste femti åra er skjør. Det som var basis for denne identiteten, oljen og oljeøkonomien er likevel der som ein felles ressurs,²⁸ og kan vere det som kan legge grunnlaget for at Libya kan stabilisere seg, ikkje berre som stat, men også som land.

• f •

KNUT S. VIKØR er professor i historie ved Universitetet i Bergen.

- 1 Peter Cole og Brian McQuinn (red.), *The Libyan Revolution and its Aftermath* (London: Hurst, 2015); Jason Pack (red.), *The 2011 Libyan Uprisings and the Struggle for the Post-Qadhafi Future* (London: Palgrave Macmillan, 2013); Knut S. Vikør, "Libya: The Failures of Success," i *External Powers and the Arab Spring*, red. Sverre Lodgaard (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2016), 97–130.
- 2 Fezzans historie kan vi kjapt oppsummere slik: Sjølstyrt under berberstyre fram til 1200-talet; så kortvarig under det afrikanske kongedømmet Kanem til rundt 1400, til eit lokalt dynasti tok over fram til 1812, då ein Qaramanli-klient tok styring med regionen, og frå 1842 vart det underlagt dei nye osmanske herrane i Tripoli. Området er tynnare folkesett enn Cyrenaica, men på 1700- og 1800-talet var likevel herskarane i Tripoli meir interessert i Fezzan, trulig på grunn av betydninga regionen hadde midt på handelsruta over Sahara; John E. Lavers, *Fezzan, Sudanic or Saharan state?* (paper, 1979); Knut S. Vikør, *The Oasis of Salt: The History of Kawar, a Saharan Centre of Salt Production* (Bergen: SMI, 1999), 155–160, 217–218.
- 3 Ettore Rossi, *Storia di Tripoli e della Tripolitania: Dalla conquista araba al 1911* (Roma: Istituto per l'oriente, 1968), 185
- 4 M.a. ayyubidane som «erobra» både Cyrenaica og Tunis frå 1170 til 1190; Jean-Michel Mouton, "La conquête de la Cyrénaïque et de la Tripolitaine par Qarâqûsh: initiative individuelle ou entreprise d'Etat," i *Aux rivages des Syrtes*, red. Chantal Chanson-Jabeur & al. (Paris: CHEAM, 2000), 59–63. Hafsidane i Tunis styrte Tripolitania på 1300- og 1400-talet, og gjorde også forsøk på å utvide området sitt mot Cyrenaica, men hadde i hovudsak kontroll berre til Syrt; Rossi, *Storia di Tripoli*, 48, 54, 88.
- 5 Rossi, *Storia di Tripoli*, 170.
- 6 Rossi, *Storia di Tripoli*, 186; Moncef Djaziri, *État et société en Libye: Islam, politique et modernité* (Paris: Harmattan, 1996), 34.
- 7 Rossi, *Storia di Tripoli*, 274.
- 8 Rossi, *Storia di Tripoli*, 322–323. Desse omgrepa vart brukt noe om kvarandre, ein sanjak var styrt av ein müteserrif.

- Strengt tatt brukte dei begrepet *qa'im-maqama* om dei fire delane før 1863, det er eit lågare nivå i provinsindelinga, men dei fire var i desse åra det første administrasjonsnivået under provinsen (*ayala*) Tarabulus al-gharb. Sjå også Lisa Anderson, *The State and Social Transformation in Tunisia and Libya, 1830-1980* (Princeton: Princeton University Press, 1986).
- 9 Glauco Ciammaichella, *Libyens et Français au Tchad (1897-1914): La Confrérie senoussie et le commerce transsaharien* (Paris: Éditions du Centre National de la Recherche Scientifique, 1987); Dennis D. Cordell, "Eastern Libya, Wadai and the Sanusiya: A Tariqa and a Trade Route," *Journal of African History* 18 (1977), 21–36; John Wright, "The Wadai-Benghazi Slave Route," i *The human commodity: Perspectives on the trans-Saharan slave trade*, red. Elizabeth Savage (London: Frank Cass, 1992), 174-184.
 - 10 Slik Ali Ahmida, *The Making of Modern Libya: State formation, colonization and resistance, 1830-1932* (Albany, NY: SUNY Press, 1994), 12.
 - 11 Knut S. Vikør, *Sufi and scholar on the desert edge: Muhammad b. 'Ali al-Sanūsī and his brotherhood* (London: Hurst, 1995), 181-217.
 - 12 Michel Le Gall, "The Ottoman Government and the Sanusiyya: A Reappraisal," *International Journal of Middle East Studies*, 21 (1989), 99-101.
 - 13 E.E. Evans-Pritchard, *The Sanusi of Cyrenaica* (Oxford: Clarendon Press, 1949), 134-144. Akrama-avtalen vart fornyd med ulike endringar i al-Rajma-avtalen i 1920 og Bu Maryam-avtalen året etter.
 - 14 Den er av og til kalla «republikken Tripoli», men hadde altså ikkje styring med Tripoli som heile tida var under italiensk kontroll. Republikken hadde sitt formelle sete i byen Aziziya omlag midt mellom Jabal Nafusa og Misrata, men tyngdepunktet låg nok i den sistnemnde byen; Lisa S. Anderson, "The Tripoli Republic, 1918-1922," i *Social & Economic Development of Libya*, red. E.G.H. Joffé and K.S. McLahlan (London: Middle East and North African Studies Press, 1982), 43-65.
 - 15 Evans-Pritchard, Sanusi, 153; Anderson, "Tripoli Republic", 60. Sjå Simone Bernini, "Studi sulle origini del nazionalismo arabo in Libia," *Journal of Libyan Studies* 2, nr. 1 (2001), 95-107 for ei historiografisk oversikt over ideen om ein libysk «proto-nasjonalisme».
 - 16 Dei to tinga blir ofte kopla sammen, men den italienske offensiven i Tripolitania starta faktisk før Mussolinis marsj mot Roma; det var utnemninga av den aktive guvernøren Volpi i Tripoli i 1921 som utløyste den italienske endra politikken; Dirk Vandewalle, *A History of Modern Libya* (Cambridge: Cambridge University Press, 2006), 30.
 - 17 Evans-Pritchard, Sanusi, 116. Sulayman Baruni erklærte omlag samtidig ei motsvarande berber-regjering i Jabal Nafusa, men den vart nedkjempa av italianarane etter kort tid.
 - 18 John Wright, *Libya: A modern history* (London: Croom Helm, 1981), 44-76; Vandewalle, *History*, 36-42; Ronald B. St. John, "The United States, the Cold War and Libyan Independence," *Journal of Libyan Studies* 2, nr. 2 (2001), 26-46.
 - 19 Vandewalle, *History*, 43.
 - 20 Wright, *Libya*, 77-118; Vandewalle, *History*, 46-69; Salaheddin Hasan Sury, "The Political Development of Libya 1952-1969: Institutions, Policies and Ideology," i *Libya Since Independence: Economic and Political Development*, red. J.A. Allan (London, New York: Croom Helm / St. Martin's Press, 1982), 121-36; E.A.V. De Candole, *The Life and Times of King Idris of Libya* (n.p., 1988), 120-53.
 - 21 Lisa Anderson, "A Last Resort, an Expedient and an Experiment: Statehood and Sovereignty in Libya," *Journal of Libyan Studies* 2, nr. 2 (2001), 19.
 - 22 Ruth First, *Libya: The elusive revolution* (Harmondsworth: Penguin, 1974).
 - 23 Martine Muller, "Frontiers: an Imported Concept: an Historical Review of the Creation and Consequences of Libya's Frontiers," i *Libya Since Independence*, red. Allan, 165-80; Vandewalle, *History*, 87.
 - 24 Lisa Anderson, "The Development of Nationalist Sentiment in Libya, 1908-1922," i *The Origins of Arab Nationalism*, red. Rashid Khalidi & al (New York: Columbia University Press, 1991), 225-42.
 - 25 Da opprørerne forkasta Qadhafis grønne flagg for Libya, tok dei tilbake kongedømmets flagg frå 1951. Det var bygd på Sanusi-emblemet på svart botn i sentrum, med Fazzan og Tripolitania fargar i striper over og under. Det vart ganske raskt akseptert som det nye nasjonalflagget, trass i banda det hadde til Cyrenaica og sanusi-kongedømmet.
 - 26 I debatten om Libya, har religion også blitt dratt, med ein påstand om at Cyrenaica og Benghazi skulle vere meir religiøst, og tilmed jihadistisk, prega enn Tripolitania. Dette er nok først og fremst ein myte, dei jihadistiske gruppene vi har sett i seinare tid oppstod i hovudsak etter at landet braut sammen, og er eit resultat av heller enn årsak til problema.
 - 27 Han har rett nok støtte også i sør, men mye gjennom stamme-alliansar i denne urolige delen av landet, der ulike etniske grupper er i kontinuerlig konflikt.
 - 28 Cyrenaica hevdar at det meste av oljeressursane er i aust, mens utskipingshavnene ligg inst i Syrtebukta, som er bufferen mellom dei to, men som oftast reknas til Tripolitania. Men også i Tripolitania er det oljeforekomster, og det er ikkje klart om det er mulig å dele oljen i cyrenaisk og tripolitansk. For betydninga av oljeøkonomien i Libya, sjå særleg Dirk Vandewalle, *Libya since independence: Oil and state-building* (Ithaca: Cornell University Press, 1998).